

Saksnr	Sak	Møtedato
F 11/2014	Uttale til NOU 2014:2 «Lik og likskap»	24.09.2014

Bakgrunn:

Regjeringa oppnemde 10. august 2012 eit offentlig utval med m.a fylgjande mandat:

Økonomisk jamstelling mellom kremasjon og kistegravlegging

Utviding av retten til grav utanfor bustadkommunen

Gravfesteordninga

Vurdera trongen for endringar i avgiftsordninga innanfor gravferdssektoren

Rapporten er no sendt på høyring ved svarfrist 01.10.2014, og kyrkjeverjene i Nordhordland samarbeider om uttale frå fellesråda i prostiet.

Rapporten er omfattande, nøyer meg difor med å leggja ved samandraget i kapittel 1 og Kulturdept. sitt fylgjeskriv dagsett 22.04.2014.

Utvalet føreslår 6 prinsipp for gravferdslovgjevinga:

1. Gravlegging er eit offentleg ansvar og skal vere utan kostnad for pårørande. Seremonien er framleis eit privat ansvar.
2. Gravplassane skal vere allmenne og bør bli forvalta slik at ordningane i hovudsak er felles for alle. Gravplassane er opne for alle avlidne.
3. Forvaltninga skal så langt som mogeleg legge til rette for at gravlegging skal skje med respekt for personleg livssyn og i tråd med føringane til vedkomande livssynssamfunn.
4. Lovgjevinga skal likestille gravferdsformene. Lovgjevinga skal legge til rette for ulike gravferdsformer og ikkje stimulere dei etterlatne til å velje den eine gravferdsforma framfor den andre.
5. Eitt menneske får ei grav. Gravlegginga er ei endeleg handling.
6. Med tida blir grava sletta og gravminnet teke bort. Ei grav og eit gravminne skal vanlegvis ikkje stå lenger enn det finst levande som minnest den avlidne.

Vurdering:

Kremasjon.

Utvalet gjer framlegg om å oppheve heimelen for kremasjonsavgift og at gravplassforvaltninga skal betale transport av kiste til næraste krematorium.

Kremasjonsavgifta vert i dag betalt av dei pårørande, og er, saman med transport, sikkert vridande for val av gravferdsform. Urne-gravleggjing krev mindre areal og reduserer trongen for utviding av gravstader. Kravet til ledig areal er 3 % av innbyggjartalet – dette er på plass hjå oss.

Det vanlege i Modalen er kistegravlegging, og det vil truleg ta tid før vi ser ei endring på dette. Transport til krematorium har til no vore dekkja av NAV. Dersom ikkje kostnaden blir refundert ”krone for krone”, men blir ein del av inntektssystemet til kommunane, kan det lett bli ei ”distriktsavgift” for utkantkommunar med lang veg til næraste krematorium.

Festeavgift.

Utvalget føreslår ein betalingsfri periode på 20 år som skal vera den same for heile landet og skal gjelda for alle slags graver. Når t.d. ei tinga grav (familegrav) vert teken i bruk får også denne ein betalingsfri periode på 20 år. Dette er nytt og postivt, tidlegare måtte det betalast frå dag 1, noko som vanskeleg både å forstå og grunngje. Men det må vere ei ordning som ikkje gjer at ein må betale ut att innbetalt festeavgift (betalt for t.d. 5 år og grava vert teken i bruk etter 2 år).

Utvalet gjer framlegg om at leigeperiode for gravfeste ikkje skal vera meir enn 5 år om gongen. Forlenging

på 5 år bør berre vere tilråding. Det er tilfelle, t.d. der fredingstida er 40 år, at pårørande / buet bør få betale for heile tida samla. Framlegget om same festeavgift uavhengig av gravferdsform er positivt. (Vert praktisert likt hjå oss)

Utanbygds gravlegging

Det kan vera postivt at folk får velja kvar dei vil gravleggjast utan at det medfører ekstrakostnader. Men det kan gjere det krevjande for gravplassforvaltinga å vite at dei til ei kvar tid har nok plass. Erfaring peikar mot at fleire ynskjer gravlegging der "røtene" er, noko som kan kome til å gje distriktskommunar med minkande folketal relativt fleire gravferder. Oppgjersordninga er foreslått flytta frå pårørande til bustadkommune/gravplassforvaltning. Dette er ok dersom det blir lagt opp til normerte prisar og lite byråkrati. Kostnad for seremoni er utanom denne prisen, så byråkratiet ved å gjere dette vert dobla.

Gravplassvedtekter

Utvalet meiner det er gode grunnar til å vurdere om kommunen skal fastsetja gravplassvedtektene. Eg meiner kommunen skal vere ein viktig høyringspart, og framleis vedta betalingsatsane. Men så lenge det er kyrkja som er gravplassmynde, så må også ansvaret for å vedta den mest sentrale reidskapen for gravplassforvaltinga liggja hos kyrkjeleg fellesråd. Sameleis bør tilsynet framleis ligge hos bispedømmerådet og ikkje hos fylkesmannen. Eg ser heller ikkje trong for at fellesrådet skal sette ned eit eige gravplassutval for å synfare og føre tilsyn med gravplassane. Det vil berre gje auka byråkrati utan å tilføre noko.

Oskespreiing og kolumbarium

Kolumbarium (eiga nisje med urna, og med namn utanpå) er svært lite brukt og ikkje kultur for hos oss. Det bør ikkje bli pålagt at alle gravplassar skal gje tilbod om det. Det vil gje store etableringskostnader utan at det er etterspurd. I alle høve må det ikkje vere kravd som tilbod på meir enn ein gravplass i kommunen. Oskespreiing på gravplass må i tilfelle skje på eit eigna og avgrensa område. Det kan fort bli konflikt rundt dette viss det ikkje blir sett av rikeleg areal.

Økonomiske og administrative konsekvensar

Ulikskapane mellom kommunane er store, og korleis dei ulike framlegga vil slå ut er også svært uvisst. Summane som står i kap. 9 er svært usikre (utvalet seier sjølv at dei har dårlege underlagsdata). Økonomiske konsekvensar må difor kompenseras fullt ut. Jfr. kistetransport til krematorium. Dersom kompensasjonen blir lagt inn i inntektssystemet vil kommunar med lågt folketal (typisk distrikt) kome relativt dårleg ut. Samtidig vil truleg denne typen kommunar vere av dei som vil få fleire/større utgifter som følgje av forslaga.

Framlegg til uttale:

1. Mo Fellesråd støttar NOU-utvalget sine 6 prinsipp for gravferdlovgjevinga, jfr. ovanfor.
2. Vi har fylgjande merknader til framlegget:
 - kistetransport til krematorium må refunderast med faktisk kostnad.
 - framlegget om leigeperiode på 5 år for gravfeste vert å sjå på som rettleiande.
 - det vert innført normerte prisar for utanbygds gravleggjing.
 - kyrkjeleg fellesråd skal framleis ha ansvaret for utforming av gravplassvedtektene.
 - det er i beste fall lite og inkje å vinna med eit eige gravplassutvalg.
 - det er ikkje naudsynt med eit påbod om kolumbarium i alle kommunar.
 - generellt må alle auka kostnader kompenseras fullt ut.

Vedtak Mo Fellesråd:

Kyrkjeverga sitt framlegg vart samrøystes vedteke.